

Kvekerhuset på Stakland

Eit einestående kulturminne

Kvekernes forsamlingshus vart kjøpt av Venneses Samfunn i 1867 og ombygd for å kunne brukast til sitt spesielle formål. Kvekerne hadde fleire forsamlingshus rundt omkring i landet i sin storhetsperiode i forrige århundre, men forsamlingshuset på Stakland er det einaste som er bevart i sin opprinnelege tilstand og på sin opprinnelege stad.

Det finst heller ingen tilsvarende hus i dei andre nordiske land. Det er derfor eit einestående kulturminne.

Møter med eit par hundre deltakarar

Frå det første året forsamlingshuset var i bruk, har vi denne rapporten frå ein engelsk kvekar:

"Forsamlingar vart holdt på Vig, på Randø; på to forskjellige stader på Finnø; så ein forsamling på Slogvig, opp langs Skjoldefjorden, på Sætre, der forsamlingen vart holdt under open himmel, fordi rommet ikkje var stort nok; så på Stakland blant ein interessant gruppe av Venner, i eit hus som dei nyleg hadde kjøpt til forsamlingshus. Her hadde vi søndag den 16. juni/1868/-to store forsamlingar, som begge var bivånet av ca to hundre personar. Fleire av møtene var meget fruktbringande, især dei som vart holdt på Stakland, der det vart vist åndeleg og praktisk arbeid av sann kristendom."

Eit enkelt, men formålstjenleg hus

Forsamlingshuset skulle først og fremst nyttast som møtelokale, men etter kvart vart det også brukt til å innlosjera reisande vener. Huset er 4,75 m x 8,4 m. Første etasje består av forsamlingslokale (4,5 x 5 m). I lokale er det trebenkar, dei var opprinneleg utan ryggstø. Resten av første etasje er ein kombinasjon av gong og kjøkken. Innredninga her er av nyare dato. Veggen mot forsamlingslokale har to lemmer som kan tas bort, og dermed kan ein utvida lokale. Ei trapp fører opp til loftsetasjen, kor det er ein open gong, eit kott på den eine sida og eit større rom over forsamlingslokale. Det var plassert fleire senger i loftsetasjen, som kunne nyttast av reisande vener til overnatting.

Stakland - eit internasjonalt kvekersenter

Dei fleste utanlandske kvekerar som besøkte Noreg, besøkte også forsamlingshuset på Stakland og heldt møte her. Det fins ei lang rekkje reisebeskrivingar kor Stakland er nemnt. Besøkande pleide å skriva namn og dato på veggjar og vindaugskarmar i loftsetasjen. Desse innskriftene forsvant desverre ved oppussing omkring 1918, men tidlegare lærar på kvekerskolen i Stavanger, Tønnes Sandstøl, skreiv ned namna, slik at dei er bevart for ettertida.

Også ei rekkje norske vener besøkte Stakland. Vi veit at Asbjørn Kloster, kvekar og grunnleggjar av totalavholdsbevegelsen i Noreg, talte der i 1863. Det var 135 personar til stade på møte som Asbjørn Kloster karakteriserte som ein oppløftande begivenheit, som aldri vil gløymast.

Kvekarane i Tysvær



Kvekarane i Tysvær, Nedstrand og Skjold i forrige århundre oppholdt seg stort sett innanfor det geografiske område som i dag utgjør Tysvær. Kvekertradisjonen går heilt tilbake til byrjinga på kvekerdommen i Noreg: prisonskipene i England under napoleonskrigene 1807 - 14.

Torbjørn Knudsen Svinelie frå Svineli var ein av prisonfangane. Ha busette seg i Stavanger etter at han var kome heim frå fangeskap, men hadde kontakt med heimbygda si og med Søren Eriksen Stakland. Det vert rapportert at Søren Stakland held seg vekke frå kyrkja i 1825, og at han deltar på eit kveker møte i Stavanger i juli 1827. Han vert oppteke som medlem av kvekersamfunnet i 1833.

Soknepresten i Skjold, Thomas Swensen, sender i september 1827 ein rapport til sine overordna om kvekerane i sitt sogn. Der nemner han sju illegitime kvekerar og to legitime. Dei legetime kvekerane var dei som var oppteke som medlemmer av kvekersamfunnet, og som var flytta til Stavanger- område der dei ifølgje ein kongeleg forordning hadde lov til å bu. Dei som budde utanfor dette område braut med myndighetene si forordning og kunne straffast.

Swensen brukar sterke ord om kvekerane: "Dette ukrudt fra Engellands sectrige og geile Jordbund." - "Quækersecten bær i sit Skjød et mig i høyeste Grad modbydeligt Foster - vild, ulovbunden Republicanisme eller endog Aanarchie, der er i stadig Opposition med borgelig og kirkelig Orden."

Men uansett Swensens ord, kvekerdommen fekk fotfeste i distriktet, og vi får ein historie kor kampen for religionsfrihet er full av lidelse og konflikter med myndighetene.

Far til maleren Lars Hertervig, Lars Larsen Hertervig, velger å forlata Borgøy i 1839 og flytta til Stavanger for å kunna leva ut si kvekerdom der. Sjølv etter Dissenterloven i 1845, er det forfølgning av kvekarane. Elias Stakland ver fengsla kvart år frå 1855 til 1859 for å nekta å utføra militærtjeneste. Sønen hans, Søren vert straffa for det same i åra 1896 - 99.

Elles blir ein rekkje tysværbuuarar utpanta for å ha nekta å betala skuleskatt, geistlege fordringar osv. I 1861 vert Helge Stakland og Torbjørn Aarek fråteke sauer for å ha nekta å betala geistlege fordringar, i 1864 vert Anders Slogvig, Ingeborg Sætre og Tollef Stølen bøtelagt for å ha nekta å betala skuleskatt, og slik kunne vi fortsetta.

Det var regelmessige kveker møte i Tysvær/Skjold fram til 1920 åra. Det er ennå kvekere i Tysvær, og det hender at det vert heldt kvekerandakts møte i det gamle forsamlingshuset.

Kvekergravstedet på Stakland

Kvekergravstedet ligg ca. 150 meter sør for forsamlingshuset. Det vart tilatt som gravsted av Amtmannen i Stavanger Amt i 1858. Den første vart gravlagt i 1859. Det er gravlagt 29 personar på gravstedet, som enda er i bruk. Ei tavle over dei

gravlagte vil bli satt opp på gravstedet. I tillegg til dette gravstedet fins det to kvekergravsteder i Stavanger og eit i Sauda.

Utvandring

Ei rekkje kvekera frå Noreg fann ut at dei ville utvandre til Amerika for å kunne utøve sin religion utan stadige forfølgelser frå myndighetene. Også frå Tysvær var det fleire som drog. Den kanskje mest kjende av desse var Eric Knudsen Svineli, som emigrerte allerede i 1839. Han er den einaste norske kvekar som vart arrestert i Amerika for å ha hjelpe negerslaver på deira flukt nordover. Også medlemmer av Stakland-familien emigrerte til USA.

Venneses Samfunn Kvekerne i Noreg

har i dag omtrent 130 medlemmer. Det er tre månadsmøter, i Stavanger, Kristiansand og Oslo. Elles er det jevnleg andaktsmøte også i Bergen og i Vestfold.

Kvekerane har stille andakter utan prest og sakrament. Dei trur at det er noko av Gud i kvart menneske, og at det er eit indre lys i kvart menneske som kan leda den enkelte på rett veg.

Kvekersamfunnet har alltid vært opptatt av sosiale spørsmål og er ein av dei tre fredskyrkjene som har eit pasifistisk grunnsyn.

Kvekerane i Noreg feira 175-årsjubileum som organisert samfunn i 1993.